




Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 207/1 - Hegertveit - arealoverføring - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 04.01.2021. Saka gjeld søknad om dispensasjon for arealoverføringa av om lag 1.4da frå landbrukseigedom gnr. 207 bnr. 1 til bustadeigedom gnr. 207 bnr. 5. Området ligg i LNF-formål med omsynssone landbruk i kommuneplan for tidlegare Lindås kommune.



Situasjonskart i KPA



Flyfoto med markslag

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det dispenserast frå og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Den frådelte bustadtomba ligg uheldig plassert midt ute på innmarksbeite. Ein utvida tomt vil omdisponere dyrka mark, klassifisert som innmarksbeite. Vi viser til at det er eit nasjonalt mål og omdisponere så lite dyrka mark som mogleg.

I søknaden står det at utforming på tomta kan diskuteras, og at det vert søkt om 1,5 – 2 daa stor tomt. Kommuneplanen for Lindås sett nedre grense for tomt for einebustader til 650 m² jf. føresegn



3.1.1. i KPA. Den eksisterande bustadtomt er på 673 m². Vi kan ikkje sjå at det normalt er naudsynt med ein vesentleg større bustadtomt dette, særleg når dette vil omdisponere dyrka mark. Statsforvaltaren sin vurdering er at om det skal vere aktuelt med arealoverføring i dette området, så må storleiken reduserast vesentleg. Vi vil ikkje motsetje oss at areal definert som bygd vert lagt til bustadtomta.

Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon som omsøkt.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Statsforvaltaren for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN